



HJELMELAND  
KOMMUNE

# **Retningslinjer for eiedomsskattetaksering av fast eiedom (bustad/fritidseiedom) i Hjelmeland kommune**

RETNINGSLINENE ER GJELDANE FRÅ 2020

revidert 26.08.2020

**VEDTATT AV SAKKUNNIG NEMND FOR EIGEDOMSSKATT**



## Innhald

1.	Rettsgrunnlag og prinsipp for takseringsarbeidet.....	2
1.1.	Rettsgrunnlag .....	2
1.2.	Verdifastsetjingsnorm .....	2
1.3.	Retningslinjenes karakter og virkeområde.....	2
2.	Politiske rammer og vedtak.....	2
2.1.	Vedtekter .....	2
2.2.	Skattesats .....	2
2.3.	Botnfrådrag .....	2
2.4.	Fritak.....	3
3.	Generelt om takseringsmetode.....	4
3.1.	Takseringsmetode .....	4
3.2.	Måleining.....	4
4.	Takstberekning før vurdering av individuelle forhold ved den enkelte eigedom (sjablongtakst) ..	4
4.1.	Sjablong og kvadratmeterprisar for bygg.....	5
4.2.	Sjablong og kvadratmeterpriser for tomt .....	6
4.3.	Sjablong og kvadratmeterpriser for kai, brygge, småbåtanlegg .....	6
4.4.	Etasjefaktor .....	7
4.5.	Sonefaktor .....	7
5.	Skjønnsmessig vurdering av forhold på og omkring den einkilde eigendom .....	8
5.1.	Skjønnsmessig vurdering av forhold på eigedomen (indre faktor IF) .....	8
5.1.1.	Bygg (IF) .....	8
5.1.2.	Tomt (IF) .....	9
5.1.3.	Småbåtanlegg .....	9
5.2.	Skjønnsmessig vurdering av forhold omkring eigedomen (ytre faktor YF) .....	9
5.2.1.	Beliggenheit (YF).....	10
5.2.2.	Tomt (YF) .....	11
6.	Takstforslag og takstvedtak.....	11
6.1.	Forslag til takst korrigert for standard og beliggenhet .....	11
6.2.	Sakkyndig nemnds takstvedtak .....	11
6.3.	Nasjonal reduksjonsfaktor.....	11
7.	Utskriving av eigedomsskatt .....	11
8.	Klage .....	11
9.	Omtaksering og særskilt taksering .....	12

## 1. Rettsgrunnlag og prinsipp for takseringsarbeidet

### 1.1. Rettsgrunnlag

Etter eidegdomsskattelova § 8 A-3 andre og fjerde ledd takserest dei skattepliktige eidegdommane i kommunen av ei nemnd fastsatt av kommunestyret. Takseringsretningslinjer skal sikre korrekte takstnivå og likehandsaming av skatteytarane, og er eit nødvendig verktøy i nemndas arbeid.

### 1.2. Verdifastsetjingsnorm

Etter eidegdomsskattelova § 8 A-2 første ledd skal takstverdien fastsetjast til det beløp det må antas at eidegdomen ut frå dens «*innretning, brukseigenskap og beliggenhet*» kan bli avhenda for ved fritt sal under vanlege omsetningsforhold, dvs. eidegdomens alminnelige omsetningsverdi.

### 1.3. Retningslinjenes karakter og virkeområde

Retningslinjenes sjablongprisar og faktorprisar leggjest normalt til grunn, men fråvikast dersom dei i enkelttilfelle vil føre til ein takst som nemnda vurderer er klart uriktig sett i forhold til lovas verdifastsetjingsnorm eller prinsippet om likebehandling.

Etter eidegdomsskattelovas § 8 A-3 første ledd skal eidegdomsmassen som hovedregel takserast kvart tiande år. Desse takseringsretningslinjene og sjablongprisene som er fastsatt, skal nyttast gjennom heile takstperioden, inntil neste hovedtaksering (*alminneleg taksering*).

Viss kommunestyret vedtar utskrivning av eidegdomsskatt frå formuegrunnlag rekna av skatteetaten, erstattar grunnlag frå skatteetaten takst frå retningslinjene for taksering. For eidegdom som ikkje har grunnlag frå skatteetaten, takserast desse ut frå retningslinjer.

## 2. Politiske rammer og vedtak

Kommunestyret har i 2019 vedtatt alminnelig omtaksering frå skatteåret 2020. I budsjettvedtak av 18.12.2019 har kommunestyret vedtatt skattesats for 2020.

### 2.1. Vedtekter

For utfyllande informasjon om politiske rammer og saksbehandlingsreglar vert det vist til gjeldende vedtekter om eidegdomsskatt vedtatt av kommunestyret.

### 2.2. Skattesats

Kommunestyret tar i årleg budsjettvedtak stilling til om eidegdomsskatt skal utskrivast for komande skatteår og vedtar skattesats. Skattesatsen kan setjast frå 1 til 7 %.. Skattesatsen kan vera ulik for næringseigedom/energieigedom og bustad/fritidseigedom.

### 2.3. Botnfrådrag

Kommunestyret kan innføre botnfrådrag, og gjera vedtak om dette i årleg budsjettvedtak for komande skatteår. Ved kommunestyrevedtak om botnfrådrag gjeld dette for godkjente

bueiningar på bustad-,landbruks- og fritidseigedom. Når eit bygg er vurdert som rivningsobjekt el. med takstverdi kr. 0 for bygget fell botnfrådrag for bygget bort.

#### 2.4. Fritak

Eigedomsskattelovas § 5 gir oversikt over eigedommar som *skal ha* fritak frå eigedomsskatt.

Handsamast av sakkunnig nemnd.

Utdrag frå Eigedomsskattelova § 5

*§ 5. Fri for eigedomsskatt er:*

- a) *Eigedom som staten eig [...]*
- b) *Eigedom som høyrer til jernvegar til ålmenn bruk [...]*
- c) *Kyrkjer.*
- d) *Eigedomar som kommunen sjølv eig.*
- e) *Legasjons- og konsulateigedomar som ein annan stat eig [...]*
- f) *Eigedom som statens lufthamnselskap eig [...]*
- g) *Eigedom som helseforetak eig [...]*
- h) *Eigedom som vert driven som gardsbruk eller skogbruk, herunder gartneri og planteskule tilknytt slik drift.*
- i) *Ikkje utbygde delar av Finnmarkseigedommen sin grunn i Finnmark fylke. [...]*
- j) *Område som er vedteke verna som nasjonalpark eller naturreservat i medhald av lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldloven). Fritaket gjeld også for område verna som nasjonalpark eller naturreservat etter den tidlegare lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern. Fritaket gjeld ikkje bygning med tomt og tomteareal, jamvel om arealet ikkje er utbygd enno.*
- k) *Lågproduktiv grunneigedom som staten eig direkte eller indirekte, så langt den tener ålmennyttige føremål. Fritaket gjeld ikkje bygning med tomt og tomteareal, jamvel om arealet ikkje er utbygd enno.*

Eigedomsskattelova § 7 gir oversikt over eigedommar som *kan få* fritak frå eigedomsskatt.

Vert vedteke årleg av kommunestyret, etter tilråding frå sakkunnig nemnd.

*§ 7 Kommunestyret kan fritaka desse eigedomane heilt eller delvis for eigedomsskatt:*

- a) *Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten.*
- b) *Bygning som har historisk verdi.*

Eksempel på fritak etter §7A og B:

§7A: F.eks Kulturbygg (samfunnshus, bedehus, DNT-bygg, idrettsanlegg)

§7B: Freda bygg, verneverdige bygg klassifisert som SEFRAK A (verneverdige bygg med fredningspotensiale) og SEFRAK B (verneverdige bygg aktuelle for spesialregulering).

## 3. Generelt om takseringsmetode

### 3.1. Takseringsmetode

Ved takseringa nyttast prisopplysningar frå tidlegare sal, prisstatistikkar og databasar, samt lokalkunnskap, for å finne normal marknadspris per kvadratmeter for den enkelte eigedomstype – i kommunen samla eller i dei enkelte delar av kommunen (inndeling i prissoner). Normalprisane (sjablongprisane) fastsetjast med ein forsiktigheitsmargin. Eigedommane blir først taksert ut i frå generelle forhold som sjablongsverdiar for areal og bygningstype, etasjefaktorar og geografiske sonefaktorar (SF). Deretter vurderes spesielle forhold på og rundt eigedomen, henholdsvis Indre faktor (IF) og Ytre faktor (YF).

### 3.2. Måleining

Ved taksering av bygningsareal nyttast «bruksareal» (BRA), som definert i Føringsinstruks for matrikkelen. For opne, overbygde areal brukast bygd areal (BYA).

## 4. Takstberekning før vurdering av individuelle forhold ved den enkelte eigedom (sjablongtakst)

Metoden for fastsetjing av takstforslag.

Bygd eigedom

1. Tomteareal i matrikkel på inntil 1 mål multipliserast med sjablongverdi for tomt. Ved manglande oppmåling eller festetomt stipulerast 1 mål pr bygning med buareal.
2. Teljande bruksareal for bygg multipliserast med sjablong kvadratmeterpris for bygningstypen.
3. Sum frå pkt. 1 og 2 multipliserast med sonefaktor.

Ubygd eigedom

1. Matrikkeleininga sitt areal på inntil 1 mål vert multiplisert med sjablong kvadratmeterpris for tomt (ubebygd grunn).
2. Summen frå pkt.1 vert multiplisert med sonefaktor.

Metoden gjev eit berekna forslag til takst, før synfaring og bruk av individuelle faktorar for alder/tilstand/kvalitet på bygg, for beliggenhet og forhold rundt sjølve eigedomen som nærleik til sjø, vatn, utsikt, støy, solforhold mv. I tillegg kva område i kommunen eigedomen er i.

Arealopplysningar og andre faktaopplysningar om eigedommane hentast frå Matrikkelen, frå kartdata og eventuelt ved førespurnad til eigar.

#### 4.1. Sjablong og kvadratmeterprisar for bygg

##### Bustader og fritidsbustadar

Bygningsgrupper	eining	kvadratmeterpris (kr)
Eine-/tomanns-bustad inkl. sokkelleil., våningshus	Pr m2	16000
Rekkjehus, kjedehus, andre småhus, terrassehus, blokker	Pr m2	18500
Fritidsbustadar, camping/utleigehytter, vandre/ferieheim anneks med bufunksjon	Pr m2	20000
Leilegheit, fritidsleilegheit, utleigeleilegheit	Pr m2	20000
Isolert vinterhage	Pr m2	13000
Bustadgarasjar og uthus, anneks, vinterhage uisolert, carport, bygg m/areal over 15m2	Pr m2	4000
Båtgarasje/naust/sjøbod	Pr m2	8000
Isolert lager	Pr m2	1200
Brakkerigg landbruk, uisolert lager	Pr m2	550

Utleigehytter, utleigeleilegheiter/og annan bustad for overnatting som ikkje er godkjent som bustad takserast med sjablongar som fritidseigedom. Utleigebustad/leilegheit som er godkjent som bustad takserast med sjablongar som bustadeigedom. Utleid bustadeigedom og fritidsbustadeigedom fell utanfor kategorien «næringsseigedom» i eigedomsskattelova, sjølv om utleiga likningsmessig synast som næringsverksemd for eigaren. Slik bustadeigedom skal fylgje bustadreglane for eigedomskattlegginga.

Det visast til uttale frå Finansdepartementet til KS den 20.11.14 om eigedomsskatt på utleigehytter.

Campingplassar takserast som andre overnattingsanlegg retta mot reiseliv.

Bustadgarasjar, anneks og uthus med areal BRA på under 15 m2 takserast ikkje.

#### 4.2. Sjablong og kvadratmeterpriser for tomt

Tomtekategori	Eining	Kvadratmeterpris (kr)
Tomt, bustad og fritidsbustad	Pr m2	250
Tomt LNFR og spedt bustad/fritidsbygning utan gyldig byggjeløyve	Pr m2	15
Tomt utmark/, areal inntil 8 daa takserast	Pr. daa	15

#### Takst for tomt utan bygg

Sjablongprisar for tomtegrunn gjeld utparsellerte tomter for bustadbygg/fritidsbygg, nausttomter, og tomt for anlegg som småbåtanlegg. Det vert taksert 1 mål tomt pr. eigedom. Viss eigedomen har mindre areal enn 1 mål vert oppmålt eller utrekna areal frå matrikkel taksert. Tilleggstomt vert taksert ut frå oppgitt areal, så lenge tomta er registrert i kart.

Tomt med byggjeforbod har takst kr. 0.

Framtidig utbyggingsområde utan infrastruktur vert vurdert skjønnsmessig.

Grunneigar som har 2 eller fleire ubebygde tomter får rabatt som utbyggingsområde

Antal ubebygde tomter	Skattleggast for antal tomter
2-4	1
5-8	2
over 9	3

#### 4.3. Sjablong og kvadratmeterpriser for kai, brygge, småbåtanlegg

Kategori	Enhet	Pris (kr)
Båtplass m /utriggar	Pr. stk	35 000
Kai, Brygge	Pr. løpometer	15 000

Anlegg med mulighet for minst 6 båtplasser vert taksert. På småbåtanlegg får merka gjesteplasser kr. 0 i takst.

Småbåtanlegg på landbrukseigedom splittast ut frå landbrukstakst, og nausttomter og småbåtanlegg takserast som fritidseigedom med YF 1,4. Det gis ikkje landbruksfrådrag på småbåtanlegg.

Privat kai og bryggje med færre enn 6 båtplassar inngår i ytre faktor (YF) 1,4 (sjøtomt) for bustad og fritidseigedom. Naust, sjøboder/båtgarasje vert taksert med inntil 1 mål tomt og ytre faktor (YF) 1,4.

#### 4.4. Etasjefaktor

Nemnda nyttar ein fråtrekksfaktor for areal. Det nyttast etasjefaktor for å setje gjennomsnittsverdiar på dei ulike etasjane i eit bygg, med utgangspunkt i vanlig funksjon i den aktuelle etasje. Denne reduserer takstpliktig areal på loft, i kjeller og i underetasje. Faktoren er felles for alle bustadbygg. Garasje og andre bygg utan bueining har etasjefaktor 1, uansett etasjetype.

Etasjar	Etasjefaktor
Hovudetasje H1, H2 osv.	1,0
Loft	0,2
Underetasje	0,6
Kjellar	0,2

Det vil i tillegg bli vurdert etasjefaktor for spesielt store bygg der sjablongprisen ikkje treff rett markedsverdi.

#### 4.5. Sonefaktor

Geografisk inndeling i soner, sjå sonekart.

Det vert nytta sonefaktor for å spegla at salsprisar varierer i ulike område av kommunen for bustader og fritidsbustader.

Navn	Sonefaktor SF bustadeigedom	Geografisk område
Sone A	1,0	Hjelmeland sentrum
Sone B	0,9	Hjelmeland randsone, Fister sentrum, Årdal sentrum
Sone C	0,8	Randøy, Fister randsone, Årdal randsone, Nessa, Hjelmeland ytre randsone
Sone D	0,6	Jøsneset, Jøsenfjorden, Helgøy spredtbygd område utanfor øvrige soner

Navn	Sonefaktor SF fritidseigedom	Geografisk område
Sone E	1,0	Hjelmeland, Fister, Nessa, Randøy, Børøy
Sone F	0,9	Helgøy, Jøsneset
Sone G	0,8	Årdal sentrum
Sone H	0,7	Spredtbygd område utanfor øvrige soner



## 5. Skjønnsmessig vurdering av forhold på og omkring den enkelte eiendom

### Metoden for vurdering av individuelle forhold ved eiendommene

Med utgangspunkt i berekna forslag til takst vert det føreteke ein utvendig synfaring av dei bygde eiendommene. Ved synfaringa set forslag til faktorar for individuelle forhold på sjølve eiendomen og omkring eiendomen som kan tilseie at salsverdien ligg høgare eller lågare enn berekna forslag til takst. Eiendommene vert fotografert. Om naudsynt vert arealet kontrollmålt. Enkle tomter utan bygg kan takserast ut frå sjablong med hjelp av matrikelopplysningar, kartdata og reguleringsplan der det er hensiktsmessig.

#### 5.1. Skjønnsmessig vurdering av forhold på eiendomen (indre faktor IF)

Standard, vedlikehold og bygningenes alder er bygningsmessige forhold som kan påverke eiendomens salsverdi. Opparbeiding av hageanlegg og parkeringsplass samt arealutnytting er forhold ved tomte som kan påverke salsverdien. For fritidsbustader kan også forhold som vassforsyning, avlaupsforhold og straumforsyning påverke salsverdien. Som samlenemning for individuelle forhold på eiendomen vert fylgjande faktorberäkning nytta.

#### **Vurdering av forhold på eiendomen - indre faktor (IF)**

##### 5.1.1. Bygg (IF)

Utgangspunkt for vurdering av bygg er byggeår, standard på bygg (byggemateriale, arkitektur, restaurering/vedlikehold).

#### **Normal standard**

Vurdering av forhold på eiendomen IF frå 0,4 til 1,0. Gjeld antatt normal standard for byggeår. Ved høg standard, frå 1,0 – 1,2. Ved enkel standard reduksjon med -0,1 - 0,3. Bygg utan verdi/rivningsobjekt setjast til kr 0.

#### **Høg eller låg standard**

Høg standard: tillegg på IF med 0,1 -0,2. Skal grunngjevast. Eks kvalitet på arkitektur, materialvalg mv.

Enkel standard: reduksjon på - 0,05 - 0,2 for bygg med enklare standard enn vanlig for byggeår.

**Spesielle forhold på eigedomen som påverkar vurderinga:**

manglande vedlikehald, reduksjon med	-0,1
kan være bygg utan innlagt vatn, reduksjon med	-0,1
kan være bygg utan innlagt straum, reduksjon med	-0,1
totalrenovert bygg, kan få auka standard med inntil	+0,4
restaureringsobjekt, svært enkel standard, får verdi frå	0,1-0,3
rivningsobjekt, bygg utan verdi vert sett til kr. 0. Tomt takserest.	

5.1.2. Tomt (IF)

Utgangspunkt for taksering av tomt er at inntil 1 mål takserest for sjølveigartomt, festetomt, punktfeste og bustadbygg/fritidsbygg på landbrukseigedom.

Tomt takserest av nemnda ut frå matrikelopplysning og kartdata, samt reguleringsplan.

Indre faktor for tomt er normalt 1,0.

Ved spesielle forhold, eks. tomt som er spesielt bratt og vanskelig å opparbeide kan indre faktor reduserast med inntil 0,5.

Tomt med byggjeforbod gis takst 0.

Bustad eller fritidstomt i LNF område og spredt bustad og fritidsbygging utan byggjeløyve gis sjablongpris 15 kr pr m<sup>2</sup> – for 1 mål eller faktisk areal under 1 mål.

Tomt utmark, som ikkje er i bruk som landbruksareal, får takst 15 kr m<sup>2</sup> for inntil 8 daa.

Fremtidig utbyggingsområde utan infrastruktur vert skjønnsmessig vurdert.

Når bygg på eigedomen er rivingsobjekt med takst kr. 0, takseres tomta som standard tomt med faktorberging som tomt, normalt IF 1,0 og YF 1,0.

5.1.3. Småbåtanlegg

Ved enkel standard, dårlig tilkomst eller værutsatt anlegg kan indre faktor skjønnsmessig reduseres.

5.2. Skjønnsmessig vurdering av forhold omkring eigedomen (ytre faktor YF)

Utsikt, støy, strandlinje, adkomstforhold, kraftlinjer og reguleringsmessige forhold er eksempel på forhold ved den enkelte eigedomens omgivelser som kan påvirke salsverdien. Som samlebetegnelse for individuelle forhold omkring eiendommen benyttes «beliggenhet»

## Taksering av eigedom med bygg

### Vurdering av forhold omkring eigedomen – ytre faktor (YF)

Ytre faktor gjeld forhold rundt eigedomen, vert i hovudsak brukt innafør området 0,7 - 1,4

#### 5.2.1. Beliggenheit (YF)

##### **YF for bustad/fritidseigedom**

Ytre faktor ( YF)	YF ved normale forhold og normalt gode solforhold	merknader
1,0	Normale forhold, ingen spesiell utsikt	
1,1	God utsikt	
1,2	Avgrensa sjøutsikt	
1,3	God sjøutsikt	
1,4	Sjøtomt eller bygg i 100m sone med tilgang til sjø eller 50m sone til vann, med tilgang til vann	

Bilete av bygg og utsikt er dokumentasjon i tillegg til kartinformasjon og matrikelinformasjon. Privatrettslege avtalar vestlegast ikkje.

##### **Eksempel på reduksjon i YF ut frå forhold rundt eigedomen:**

dårlig solforhold	-0,1 - 0,2
betydelig støy, trafikkstøy eller industristøy	-0,1 - 0,2
manglande tilkomst, meir enn 500 m frå bilveg, spesielt bratt	-0,1 - 0,2
eller manglande tilkomst, meir enn 2 km frå bilvei	-0,3 - 0,4

### Landbruk

Konsensjonspliktig landbrukseigedom får standard YF 0,75. Begrensingar i salspris, forhold på landbruksareal og landbruksbygg, og buplikt ved 35 dekar fulldyrka eller 500 dekar skog påverkar marknadsverdi. Konsensjonsplikt/priskontroll gjeld landbrukseigedom med 35 dekar fulldyrka/overflatedyrka eller over 100 dekar totalt.

Landbrukseigedommar skal ha fritak frå eigedomsskatt jf § 5 h i eigedomsskatteloven. Fritaket gjeld bygningar, dyrka mark, skog og utmark som inngår i næringsverksemd på landbrukseigedomen. Bustader, fritidsbustader og garasjar for privatbil er ikkje fritatt og skal takserast. Det same gjeld driftsbygningar når dei vert nytta til andre formål. Matrikelopplysningar vert nytta som utgangspunkt for å definere landbrukseigedom.

Landbruksbygg med næringsfunksjon som ikkje vert sett på som del av vanlig landbruksverksemd, blir taksert som næringsseigedom, for eksempel mekanisk verkstad. Gardsbutikk vert vurdert som del av landbruksdrifta dersom anlegget i hovudsak er basert på foredling av råvarer eller produkt frå garden.

Småbåtanlegg

Småbåtanlegg og nausttomter har YF 1,4

#### 5.2.2. Tomt (YF)

Sjablongprisar for tomtegrunn gjeld utparsellerte tomter og tomt registrert i kart.

Sjøtomter har høgare salsprisar enn andre tomter og gis i tillegg områdefaktor YF 1,4. Øvrige tomter får områdefaktor YF 0,8-1,0 for beliggenhet der normal standard er YF 1,0. Reduksjon av YF gjeld for tomter som har ugunstig beliggenhet.

## 6. Takstforslag og takstvedtak

### 6.1. Forslag til takst korrigert for standard og beliggenhet

Beløpet kvar faktor utgjer, vert rekna opp mot sjablongtakst. Foreløpig utrekning i rapport frå fagsystem pr eigedom er basert på sjablongar/faktorverdi og takstforslag frå takstmann/eigedomsskattekontoret.

### 6.2. Sakkyndig nemnds takstvedtak

Sakkyndig nemnd fastset takstvedtak for den enkelte eigedom, ut frå ein vurdering av forslag til takst, fotografi av eigdommen, takstmannen sitt forslag til faktorsetting, matrikkel og reguleringsplan.

### 6.3. Nasjonal reduksjonsfaktor

Skattetaksten blir justert iht. gjeldande nasjonal reduksjonsfaktor for skatteåret.

## 7. Utskriving av eigedomsskatt

Utskrivingsfrist er 01.03 i skatteåret. Skattesedel vert sendt til eigar/kontaktperson.

Eigedomsskattelisten vert lagt ut i 3 veker, frå 01.03 i skatteåret.

## 8. Klage

Klagefrist for alminnelig taksering eller omtaksering er 6 veker frå 01.03.20, eller frå dato skattesedel er sendt. Viser til gjeldande kommunale vedtekter for eigedomsskatt, Kap.V.

## 9. Omtaksering og særskilt taksering

I perioden på 10 år mellom dei alminnelege takseringane, kan omtaksering/særskilt taksering ved endringar gjerast etter dei retningslinjene og vilkår som går fram av esktl § 8A-3, pkt 2- (nybygg, tilbygg, bygg revet, frådelingar mv). Minsteverdi for omtaksering ved påbygg/tilbygg vert sett til kr. 200 000. Ein ser minsteverdi for tilbygg/påbygg i samanheng for takstperioden, slik at fleire tilbygg som totalt overstig minsteverdien vert omtaksert. Frist for å krevja omtaksering er 1. november i året før kommande skatteår. Viser til gjeldande kommunal vedtekter for eigedomsskatt, Kap.IV.